

Karmøy kommune
Statsråd Vinjesgate 25
4250 KOPERVIK

Dykkar referanse:
20/5507
Dato: **31.08.2020**
Saksnr.: **2020/58513**
Dok.nr.: **2**
Saksbehandlar
Angunn Skeiseid

Karmøy kommune - gnr 7 bnr 6 - plan for nydyrking - til uttale

Fylkesrådmannen viser til søknad om nydyrking på gnr 7 bnr 6 i Karmøy kommune.

Fylkesrådmannen, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Ut frå vurderingar på kart og flyfoto, samt søk i digitale kulturminnedatabasar, kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne. Vi har på bakgrunn av dette ingen merknader til nydyrkingsplanen, utover at ein under opparbeidinga av området prøver å unngå inngrep i /skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Fylkesrådmannen vil avslutningsvis understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i planområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av planen straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Helsing
Leif Håvard Lundø Vikshåland
leder (adm)

Angunn Skeiseid
rådgjevar

Kopi til:
Fylkesmannen i Rogaland

Dette dokumentet er elektronisk godkjent. Oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.

